



Retur: Husbanken  
Postboks 1404, 8002 BODØ

Vår dato  
17.12.2014

Vår referanse  
Videretildeling - 2015

Til kommunane i Hordaland Rogaland og Sogn og Fjordane

## **Startlån og tilskot - søknads- og rapporteringsfristar for 2015**

Husbanken takkar for eit godt samarbeid i 2014 og ser fram til vidare samarbeid i 2015. I dette brevet vil vi informere om mulighetene neste år ved bruk av Husbankens økonomiske verkemiddel, søknadsfristar og rutinar knytt til dette.

### **1. Rapportering på bruk av startlån og tilskot til etablering og tilpassing**

Tildeling av startlån og tilskot til etablering og tilpassing skal rapporterast fortløpende gjennom StartSak eller StartRap. I samsvar med nye retningslinjer for tilskot til tilpassing skal også avslag registrerast fortløpende i StartRap for dei kommunane som ikkje nyttar StartSak. Fortløpende rapportering er svært viktig for å sikre god planlegging og utnytting av ordningane. Manglande løpende rapportering vil kunne få konsekvensar for tildeling av nye rammer.

I tillegg til løpende rapportering skal kommunane sende ein samla årsrapport til Husbanken i StartRap.

- Siste frist for å rapportere for 2014 er 25.01.2015.

### **2. Søknad om startlån og tilskot til vidaretildeling for 2015**

Kommunane vert invitert til å söke om nye rammer for startlån og tilskot til etablering og tilpassing.

- Søknadsfristen for startlån og tilskot til vidaretildeling er 06.02.2015.

Søknadskjema for startlån og tilskot (HB 7.S.04 og HB 7.S.04 (N)) [finn ein her](#).  
Søknaden skal sendast til Husbanken, Postboks 1404, 8002 Bodø.

### **3. Startlån**

Kommunen søker, som tidligare, om ønska total låneramme for heile året innan fristen 06.02.2015. Det kan unntaksvis søkjast om startlånsmidlar etter fristen. Tildeling krev då at det er tilgjengelege midlar til disposisjon.



Det løvvde beløpet vert overført til kommunane i to tildelingar:

- Første tildeling består av 70% av «tildelt ramme» og vi har som mål at dette skal vere overført til kommunane seinast 1. mars 2015. Dersom totalt omsøkt ramme frå kommunane overstiger Husbankens startlånramma for 2015, vil tildelt ramme utgjere ein bestemt part av omsøkt ramme. Kommunar som søker om mindre enn 20 millionar får éi tildeling.
- Andre tildeling skal vere overført til kommunane seinast 20. september 2015 og vil bestå av 30% av «tildelt ramme». I forkant av siste tildeling vil Husbanken kontakte kommunen for å avklare om det er behov for heile denne overføringa. Behovet vil kome fram ved å sjå på kommunane sitt forbruk tidligare på året og deira eigne prognosar for bruk av startlån resten av året.

I samsvar med ny forskrift skal startlån tidelast husstandar med langvarige problem med å finansiere bustad og etter behovsprøving. I vurderinga skal kommunen leggje vekt på om søkeren:

- a) kan få langvarige problem med å finansiere eigd bustad
- b) har nytta høvet til sparing innafor dei økonomiske muleheitene søkeren sine inntekter og nødvendige utgifter til livsopphald gir.

Unnateke frå det som er nemnt ovanfor gjeld mellom anna barnefamiliar med akutt behov for ein stabil busituasjon og husstandar som leiger communal bustad.

Forskrifta opnar for at startlånet, i særskilte tilfelle, kan gjevast med inntil 50 års nedbetalingstid. Kommunane fastset nedbetalingstida for si startlånsramme på bakgrunn av stipulert gjennomsnittleg nedbetalingstid for sine utlån. Kommunane må ta omsyn til eventuell lengre nedbetalingstid på delar av sine utlån, når dei stipulerer behov for nedbetalingstid på heile startlånsramma si.

Mer utfyllande informasjon om innhaldet i ny forskrift og rettleiar for startlån finn ein på Husbanken.no.

## 4. Tilskot til etablering

Tilskot til etablering skal medverke til at vanskelegstilte skal kunne etablere seg på bustadmarknaden. Tilskotsmidlane er begrensa, og målretta bruk er viktig. Tildelinga skal gjerast etter ei økonomisk behovsprøving. Behov og kor mykje tilskot som skal gjevast i kvar sak bør sjåast i samanheng med høvet til forlenga nedbetalingstid på startlån. Ved behandling av søknadene frå kommunane vil Husbanken prioritere dei kommunane som har dei største bustadsosiale utfordringane. Tilskotet vert avskrive med fem prosent for kvart avslutta år.

## 5. Tilskot til tilpassing

Tilskotet kan nyttast til enkle tiltak og større ombyggingsar/tilretteleggingar av nye og eksisterande bustader. Ordninga er økonomisk behovsprøvd utfrå ei heilsakpsvurdering av søkeren sin økonomiske situasjon no og på sikt. Husbanken er kjent med at den økonomiske behovsprøvinga i fleire kommunar har vore praktisert for strengt. Det vert understreka at personar med vanleg god økonomi kan vere i målgruppa for tilskotet. Det er

viktig at kommunen gjer ordninga kjent blant innbyggjarane og eigne tilsette. Tilskot til tilpassing vert avskrive med 10 % for kvart avslutta år. Les meir om tilskotet i Veileder for tilskot til tilpassing.

## 6. Tapsfond

Tilskot til etablering kan unntaksvis avsetjast i tapsfond for å sikre kommunen mot økonomiske tap på startlån. Ein eventuell søknad vert handsama av Husbankens regionkontor. Også kommunar som ikkje tar mot tilskotsmidlar kan søkje om midlar til avsetjing til tapsfond. Det vert lagt vekt på følgjande i saksbehandlinga:

- Balansen mellom utlånsportefølje, tapsrisiko, eksisterande tapsfond og reelle tap
- Inntektsnivå og betalingsevna til låntakar.
- Kva utfordringar kommunen har på det bustadsosiale området
- Relevante planar og tiltak

Mer informasjon om dette finn ein her:

Forskrift for startlån § 7,

Retningslinjer om tapsdeiling, tapsfond og administrering av startlån HB 7.B.15,

Retningslinjer om tilskot til etablering i egen bolig HB 8B.29 og

Retningslinjer om tilskot til tilpasning av bolig, med meir HB 8.B.28.

Tapsfondet skal stå på eigen konto og avkastinga på tapsfondet skal leggjast til fondet eller nyttast til tilskot i samsvar med retningslinjer for tilskot til etablering i eigen bustad (HB 8B 29). Fondet sitt pålydande og årets avkasting skal rapporterast i StartRap. Kommunar som ønskjer å tilbakeføre midlar frå tapsfond til tilskot til vidaretildeling kan gjere dette.

## 7. Retningslinjer

Tildeling av startlån og tilskot frå kommunar skal skje i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer frå Husbanken:

Startlån:

Forskrift for startlån

Veileder for startlån

Tilskot til etablering og tilpassing

Retningslinjer om tilskot til etablering i eigen bustad

Retningslinjer om tilskot til tilpassing av bustad med meir

Kommunar som utformar/reviderer eigne retningslinjer skal sende desse til Husbankens regionkontor til orientering innan **25.01.15**. Dette er same frist som for rapportering.

**8. Utbetaling**

Tilskot blir utbetalt fortløpende etter tildeling. Startlån vert utbetalt etter at Husbanken har motteke underskriven låneavtale, kommunestyrevedtak og eventuelt Fylkesmannens godkjenning.

**9. Kunngjering**

Ordningane skal kunngjerast i lokalaviser og på kommunen sine nettsider, slik at dei vert gjort kjent for eigne innbyggjarar.

**10. Ny e-søknad for startlån**

Det er starta eit prosjektløp med målsetjing om å lage ein ny eSøknad for startlån og tilskot i løpet av 2015. Dette vil gjere det mogleg å søkje elektronisk utan å vere avhengig av kommunen sine opningstider. Løysinga vil støtte alle plattformer. Eit viktig prinsipp for prosjektet er at mest muleg informasjon vert førehandsutfyld for søker frå offentlege register for å unngå dokumentasjonskrav. For saksbehandlarane vil dette resultere i redusert saksbehandlingstid og enklare dialog med søkerane.

Helsing  
**HUSBANKEN**